

## Presterud (gnr. 146)

Presterud: Namn som viser til at garden før låg til Prestegarden eller privat har tilhørt ein prest. I bygdemålet har namnet lenge vore uttala Prestrud. Skrivemåten av namnet har i det heile vore stø og lite skiftande.

Presterud er ein av dei Fåberg-gardane som ein ofte finn omhandla på 1500-talet. Av manntalet for ekstraskatten Gjengjerden 1528 går det såleis fram at brukaren der. "Jens Presterud", betalde den utlikna ekstraskatten Gjengjerden med 1 ½ mark sølv, som Gunder Joerstad, Jens Smidstad og Engelbrett Landsett og svara. Presterud var sikkert i de tid ein av dei større gardane i bygda. Frå tretti år seinare er det fortalt at Lasse Prestrudt vart dømt til å betale ei bot på 2 dalar "for ett Kniffsting". Brukar på Presterud i den tid var elles Leg Presterudt, og det var han som i 1560 ordna det slik at skatten Foring vart utreidd med "ij faar". – Det uvanlege mannsnamnet Leg, som vi her har eit døme på, finn ein he ri bygda og att i gardnamnet Legshus. –

Etter atter ein mannsalder finn ein i Stiftsboka av 1578 fortalt at "Presterud" av landskyld ½ hud låg til "Faaberrigh Hoffuitt Kiercke", ei opplysning som her er av serleg interesse. Ein aner at dette er berre ein del av garden. I skattelista for 1594 finn ein så vidare "Presterud" ført i gruppa for "Hallfue gaarde", som svars 30 skilling i skatt kvar. Ti år seinare vart i 1604 "Tiendekorn" av "Presterudt" utreidd med 1 ½ tønne, som altså svara til ei årsavling på 15 tønner. Seks år seinare heitte brukaren der Peder Presterud, og han betalde da den utlikna leiglendingsskatten med ½ dalar som t.d. Johnn Offrinn, Ingrj Blegind og John Thollersrud. I 1624 hadde det atter vore brukarskifte, og Christoffer Presterud hadde bygsla og var leiglending på garden. Frå denne tid er det elles vidare fortalt at i 1626 hadde Arne Lassessøn frå Gausdal kjøpt Presterud av Oluf Kristofersen og hustru Maren Mogensdtr. til Ousby. Dette ser elles heller gåtefullt ut, da det i 1630 er opplyst at den kvinnelige brukaren Ingeri Presterud var leiglendingebonde der. Etter manntalet for Kopskatten 1645 går det dessutan tydeleg fram at det da var to huslydar på Presterud: 1. Gullbrand Presterud og kona hans og 2. Siver Presterud og kona hans.

Syver Presterud er oppgitt som brukar på garden i 1657, og buskapen hans på garden var da 1 hest, 4 hopper, 19 naut og 20 sauer. Det var ikkje lite. Om same Syver Presterud er det elles fortalt at han og var odelseigande bonde og åtte jordgods til 1 ½ hud i "bemeldte" Presterud. Om den manlege arbeidskrafta på garden i 1665 er det vidare oppgitt at husbonden Syver da var 52 år, og at han hadde ein son som heitte Arne og var 18 år.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med namnande opplysningar om gardane. Der er det om "Presterud" fortalt at den samla landskyld av garden var 2 huder, og av dette hørde, som før nemnt 1 ½ hud med bygsel til Syver Arnesen. Resten, jordegods til ½ hud eller 6 skinn med bygsel, låg framleis til "Kierchen", altså Fåberg-kyrkja. Landskylda av garden kunne elles og svarast i alt 3 bismarpund 8 merker smør. Av andre opplysningar om grd. Presterud etter matrikkelen av 1668 merker ein seg at buskapen av store husdyr da var 2 hestar og 18 naut, og korntianda vart utreidd med 2 ½ tønne, som altså svara til ei årsavling på 25 tønner. Vidare er det oppgitt at enga, innmarka var god, "Kand dog iche forbedris widere". Det var skog til gards bruk, ein liten humlehage, "nogedt brotteland, Reinaasen til Sommerbeed". Dessutan er det og oppgitt at Presterud hadde eiga kvern, som det vart svara 8 skilling i kverntoll av. – Syver Presterud var framleis brukar av garden også i 1678. Det er da opplyst at han betalde den ekstra skatten med 5 Rd. i pengar.

Så hadde det atter vore brukarskifte på Presterud, og den neste vi finn som husbond der er Peder Presterud og seinare sonen Syver Pedersen, som fekk skjøte på Presterud i 1707. I 1720 fekk han og fornya bygselseddelen på "Kropperud" (Kopperud), som låg til Fåberg-kyrkja. Den eldre bygselseddelen var av 12. januar 1709 og utgitt av stiftsskrivaren.

Fleire nyare opplysningar om gardane kom i og med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om "Præsterud med Kopperud" fortalt at oppsittaren Syver Pedersen sjølv åtte 1 hud 6 skinn i garden, og at jordegods til 6 skinn i parsellen Kopperud framleis låg til "Faaberg Kirche". Det er vidare oppgitt at grd. Presterud ligg i sollia, og at jordarten der er god. Buskapen var da 2 hestar, 1 føl, 20 naut, 16 sauer og 2 geiter, og den årlege utsæd av orn utgjorde da kring 6 tønner bygg og 1 skjepp rug. Det var skog der til brenneved og gjerdefang og litt til hustømmer. Setra Rindåsen hadde god hamn, og det var seterslått der til 2 lass hø. Høyavlinga i det heile utgjorde kring 26 lass. Bekkekverna var framleis i bruk, og det er vidare opplyst at det var 1 husmannsplass med brukande jord til Presterud.

Syver P. Presterud, som i den tid var brukar på Presterud, var fødd i 1675 og overtok garden i 1707. Han var gift med Eli Olsdr. 1686, og dei hadde to søner: 1. Peder Syversen, som seinare vart brukar på Presterud, og 2. Ole Syversen som vart brukar på Gustum, men døde i 1743.

Broren Peder Syversen som overtok Presterud, gifta seg i 1739 med Åste Kristofersdr. øvre Dal, og dei fekk og 2 born: 1. Syver f. 1740 og 2. Eli f. 1743. Men i 1742 hadde heimen den store sorg at faren, husbonden Peder Syversen alt døde, og i samband med dødsfallet var det så skifte på "Præsterud i Faaberg". Ved dette skiftet vart jordegodset i arvebuet, Presterud av skyld 1 ½ hud, verdsett til 300 rd., og buet utgjorde brutto 591 og netto 534 rd. Arvingane ved skiftet var, forutan enke Åste Kristofersdr., dei 2 borna i ekteskapet. Av dei var Syver, Syver Pedersen, 3 år, og søster Eli, Eli Pedersdr., ¼ år.

Enka Åste Kristofersdr. gifta seg i 1734 oppatt med hans Svendsen Forset, Gausdal, og dei fekk 7 born i sitt ekteskap: Dei var: 1. Sofie f. 1745, gift 1762 med Lars Tordsen Blegen, 2. Peder f. 1747, død 1820 (Forset), 3. Sessel f. 1750, 4. Dorte f. 1752, 5. Svein f. 1755, død 1756, 6. Svein f. 1757, 7. Anne f. 1761, 8. Kristense f. 1763.

Meir om bygselbruket Kopperud under Presterud går fram av bygselseddelen av 1744 til Hans Svendsen Presterud. Bygselseddelen har etter utskrift av panteboka denne ordlyden:

"Kopperud.

Bøxseddelen dat. 8. mai 1744 tgl. 15. juni s. år.

Fra Erich Øfre Jorstad, Peder Tollefsrud, Poul Haaf, Harchel Wedum, Niels Iungerud, Holm Nordre Jørstad, Torger Nedre Dahlen og Peder Simenrud på egne og øvrige almues vegne av Faaberg prestegjeld til Hans Svendsen Præsterud paa en under hans paaboende gard Præsterud liggende ødegaard Kopperud kaldet som Faaberg hovedkirke er tilhørende og skylder med bøxel og landskyld ½ hud, mot at han betaler aarlig de kongl. Skatter og rettigheter samt landskylden, og holder ødegaarden god og i forsvarlig hævde."

Året etter hadde elles Hans Svendsen Præsterud oppnådd å kunne få kjøpt "Kopperud Ødegaard" ved auksjonsskjøte, som etter utskrift er sålydande:

"Kopperud Ødegaard.

Auksjonsskjøte dat. 14. april 1745 tgl. 16. juni s.å.

Hvorved Kopperud ødegaard under grdn. Præsterud i Faaberg beliggende skyldende ½ hud med bøxel, tilhørende Faaberg kirke selges til oppsidderen Hans Svendsen Præsterud for sum 110 rd. Som derfor kjøperen for ovenstaaende kjøpesum har utgitt sin obl. av D.D. hvorved kirken og dens eiere er med 1. pr. s.ret stillet til underpant den herved solgte ødegaard Kopperud."

Obligasjonen som det her er vist til, er vidare forma slik:

"Kopperud ødegaard.

Pantebrev dat. 14. april 1745 tgl. 16. juni s.å.

Hans Svendsen Præsterud av Faaberg prestegjeld er til Faabergs hovedkirke og Lillehammer anneks kirke, deres eiere som er den menige almue i Faaberg prestegjeld skyldig 110 rd. mot aarlig, lovlig rente 5%, for hvilke han med 1ste pr. pantsetter sin skjøte av dags dato hjemlede Ødegaard Kropperud under Præsterud skyldende ½ hud med bøxel.”

Tre år seinare døde i 1748 den eldre husbonden føderådsmannen Syver Pedersen f. 1765, og det var da atter arveskifte på Præsterud. Ved dette skiftet vart skiftebuet, visstnok utan jordegods, men derimot ”med Endel sølv” verdsett til brutto 903 rd. og netto 756 rd.

Arvingane ved skiftet var forutan enka Eli Olsdtr. dei to borneborna: Syver Pedersen, som da var 8 år, og Eli Pedersdtr., 5 år.

Hans Svendsen Forset var framleis brukar på Præsterud i 1751. Han gav da bygselseddel til Henning Svendsen på ”en hans gård Præsterud til og underliggende husmandsplads Øvre Gutue straks ved gardens akerjorde beliggende”. Samtidig gav og Hans Svendsen ein liknande bygselseddel til Elling Jacobsen på husmannsplassen ”Nedre Gutue straks ved gardens akerjorde beliggende”.

Ti år seinare hadde i 1761 odelsarvingen til Præsterud, Syver Pedersen Presterud f. 1740 nådd sin alder av 20 år, og han gav da kvittering til vergane sine Peder Øvre Jørstad og Ole Land for arvemidlar på til saman 358 rd. 3 ort. Tre år seinare hadde i 1764 odelsarvingen Syver Pedersen nådd sin myndige alder 23 år, og han fekk da etter utskrift sålydande skjøte på ættegarden Præsterud:

”Præsteruud.

Skjøte dat. 10. desember 1764 tgl. 10. oktober 1765.

Fra Hans Svendsen boende på gården Præsteruud i Fåberg prestegjelds hovedsogn til hans stesøn Siver Pedersen på gården Præsterud av skyld 9 skind tillikemed engelandet Kraaperuud av skyld 6 skind for sum 750 rd. Sælgerens svigersøn Ole Holmsen Jørstad selger ogsaa sine eiende 3 skind i gården Præsteruud for 50 rd. og Siver Pedersen har selv arvet 6 skind i gården, så han er nu eiende hele gården Præsteruud av skyld 1 hud og 6 skinn. Kjøperen har å svare selgerens hustru årlig føderåd av gården.”

Samtidig gav så kjøparen tinglyst føderådskontrakt til mor si Åste Kristofersdtr. av Præsterud for resten av livet. Det var da 21 år sidan ho gifta seg med Hans Svendsen Forset.

Syver Pedersen Presterud f. 1740, som dermed tok over som eigar og brukar av ættegarden Præsterud, gifta seg i 1764 med Eli Simensdtr. Fliflet f. 1737, og dei fekk fire born. Dei var: 1. Aaste f. 1765, død 1773, 2. Peder f. 1768, 3. Simen f. 1773 gift 1797 m. Kari Eriksdtr. øvre Jørstad, 4. Ole f. 1776.

Husbonden Peder Syversen Presterud er elles nemnt i ei sak som etter tingboka er referert slik:

”Præsterud i Fåberg.

16. febr. 1792.

Gunder Hielmstad av Gausdal har innstevnt Peder Syversen Præsterud fordi han ved avvikte Gausdals restancing på Rokvam har overfalt citanten med hugg og slag.

Innstevnte gives laugdag til neste ting.

18. juni 1792.

Saken ble erklært forlikt og opphevet.”

Syver Pedersen f. 1740 brukte så ættegarden Præsterud til i 1797. Da skjøta han garden til eldste sonen sin, Peder Syversen f. 1768 for kjøpesum 1199 rd + føderåd til foreldra sine.

Fire år seinare kom i 1801 påbodet om folketelling, og det budde da 6 familiar på og/eller ved Presterud. Det var:

1. familie: 1. Peder Syversen, husbonden, dragon, 32 år, 2. Ole Syversen, tenestkar, 25 år, 3. Ole Thoresen, tenestkar, 31 år, 4. Lars Larsen, tenestkar, 20 år, 5. Ingebor Jacobsdtr., tenestkvinne, 40 år, 9. Anne Amundsdr., tenestkvinne, 11 år.
2. familie: 1. Syver Pedersen, føderådsmann, 61 år, 2. Eli Simensdtr., kona hans, 64 år.
3. familie: 1. Christen Erichsen, husmann med jord, 34 år, 2. Rønnaug Pedersdtr., kona hans, 35 år, 3. Erich, son deres, 9 år, 4. Peder, son deres, 7 år, 5. Anne, dotter deres, 6 år, 6. Martha, dotter deres, 1 år.
4. familie: 1. Erich Olsen, husmann med jord, 56 år, 2. Berit Nielsdtr., kona hans, 66 år.
5. familie: 1. Peder Olsen, "Nyder hjelp af Sognet", 55 år, 2. Kari Rasmusdtr., kona hans, 55 år.
6. familie: 1. Peder Larsen, "Inderste uden jord og gaaer i Dagleie, 77 år, 2. Marit Halvorsdtr., kona hans, 66 år, 3. Mari Nielsdtr., "Gaaer i Dagleie", 58 år.

Eit verdfullt tillegg til garden kom med ein handel 22. mars 1804: Ole Ottersen Toft i Gausdal gav da skjøte til husbonden Peder Syversen Presterud på ¼ i Doch Fiskevand, mtr. Nr. 17, og "den dertil henhørende seterløkke for 210 rd." – Same året, altså i 1804, døde mor til husbonden, Eli Simensdtr. f. Fliflet, og det var da atter skifte på "Præsterud i Faaberg". Ved dette skiftet utgjorde arvebuet, visstnok utan jordegods 216 rd., og det er opplyst at det var "Ingen gjeld". Arvingane var forutan enkemannen Syver Pedersen, dei to sønene 1. Peder, som da var 36 år og 2. Ole, som var 28 år. Den tredje sonen: Simen Syversen, som hadde vore gift med Kari Øverjørstad, men det er oppgitt at dei hadde 2 born som var arvingar ved skiftet: a. Simen, 5 år b. Eli, 7 år.

Husbonden Peder Syversen, som ved skiftet i 1804 var 36 år, var enda ugift; men i 1805 gifta han seg med Aste Torgersdtr nedre Dal, og dei fekk i sitt ekteskap 6 born. Dei var: 1. Eli f. 1807, gift 1828 med Lars Hansen Blegen, 2. Simen f. 1809, 3. Dorte f. 1811, gift 1831 m. Ole Olsen Bjerkhage, 5. Torger f. 1819, død 1821, 6. Tonette Martine f. 1821, gift 1. med Iver Arnesen Jørstad, 2. med Andreas Olsen Flifletlien.

Frå Presterud i 1816 blir det elles fortalt at da sølvskatten vart innkravd, gjekk brukkrona på garden med, etter at ho først var slått sund. Ei gamal sølvsløv vart derimot redda unna. Av andre gamle ting på Presterud skal og vera to spjutspissar, som visstnok ikkje er registrert som fornfunn. Ein åker som eingong i tida skal vera oppbrote av valdressar, blir på Presterud ennå kalla "Valdres"; ein annan åker har det uvanleg namnet "Råmeldrud". Ein av plassane der heitte ennå "Vondtvær"; andre plassnamn ved garden er "Plukkerud", "Kopperud" og "Helgerud". Blant fortidsminne er og tydelege merke etter kolbrenning.

Litt meir om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget frå 1819. Der er det om "Præstrud" oppgitt at buskapan av store husdyr da var 5 hestar og 25 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 72 tønner. Vidare er det og opplyst at det i den tid var 4 husmannsplassar til garden.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 fekk Presterud som si nye matrikkelskyld: 11 skylddalar, 1 ort og 22 skilling, og det var i 1838 sonen Simen Pedersen f. 1809 som hadde tatt over som eigar og brukar av Presterud. – Men i 1846 var det atter faren Peder Syversen f. 1768 som hadde heimelen på grd. Presterud. Han skjøta da ættegarden Presterud til svigersonen Iver Arnesen Jørstad for kjøpesum 2400 spd.

Den nye eigaren, Iver A. Præsterud, selde elles den 15. 1851 til Ole Jacobsen Stræte sin "Eiende Deel af Rindaasens Sæter under Gaarden Præsterud for Kjøbesum 260 Spd." Ved skyldsetningsforretninga i samband med handelen vart "bemeldte Sæterbolig Rindaasen af Præstrud, skuldlagt for 3 ort 4 sk."

Same året, altså i 1851, døde og husbonden Iver Arnesen, og det var da atter arveskifte på "Præsterud i Faaberg". Ved dette skiftet vart jordegodset i arvebuet, Præsterud av skyld 10 dal. 3 ort, 8 sk. Taksert for 2000 spd., og skiftebuet utgjorde brutto 3910 spd. og netto 2727 spd. Arvingane ved skiftet var, forutan enka Tonette Pedersdr. f. Presterud 1821, dei 3 borna i ekteskapet. Av dei var: 1. Christine da 3 ½ år, 2. Agnette var 2 år, og 3. Iver Arne var 5 mnd. Enke Tonette Pedersdr. Presterud gifta seg i 1854 oppatt med Andreas Olsen Flifletlien, og dei fekk i sitt ekteskap fleire born. Dei var: a. Ingeborg Siminde f. 1855, b. Petra f. 1860, c. Oline, f. 1862, d. Ole f. 1.1.1864.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det såleis om "Præstrud" fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 478 mål, og av dette var 125 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det oppgitt at husdyrhaldet på sjølve Presterud gard var: 6 hestar, 28 storfe og 16 småfe, men dertil var det på husmannsplassane ved Presterud til saman: 10 storfe og 12 småfe. Ført på same måten var utsæden på sjølve Presterud gard i 1865: 13 tønner orn og 15 tønner settepoteter, men dessutan var det på husmannsplassane under garden sådd og sett til saman 5-6 tn. korn og 5.-6 tn. poteter.

Andreas Olsen Presterud brukte garden til i 1877. Da skjøta han grd. Presterud "samt Gryte og Doksæter med ¼ af Dok Fiskevand til Stedsønnen Iver Iversen, for en Kjøbesum af kr. 10000,- og et Føderåd verdsat til kr. 1400,- tilsm. kr. 11.400,-."

Den nye eigaren og brukaren Iver Iversen Presterud f. 1851 gifta seg i 1888 med Anne Hansdr. Skriveli, og dei fekk 4 born. Det var: 1. Tonetta Kristiane f. 1890, gift 1916 med Johs. Nordtorp, 2. Ingemund f. 1892, 3. Hanna f. 1894, 4. Anna, død 1913.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen. "Præsterud" i Fåberg fekk da gardsnr. 146 av samla skyld 17,35 mark, og det var alt da to bruksnr. Under gardsnr. 146 Præsterud. Det var: 1. Gnr. 146, brn. 1. Præsterud av skyld 16,53 mark, som framleis iver Iversen var eigar og brukar av; b. Gnr. 146, brn. 2 Rindaasen (sæter), skyld 0,82 mark, som Johan Olsen da var eigar og/eller brukar av. To år seinare vart dessutan i 1888 parsellen bruksnr. 3 Kopperud fråskild garden og seld frå Iver Presterud til Ole Andreassen for kjøpesum kr. 4000,-. Etter ajourført matrikkel av 1904 var det dessutan skjedd dei skifte at Andreas S. Fliflet hadde overtatt brn. 2 Rindåsen seter.

Da det vonleg kan vera av interesse tek vi elles med at ved kommunevalet i 1907 budde det 8 personar med røysterett på og/eller ved Presterud. Det var: 1. gardbr. Iver I. Presterud, 56 år, 2. husmor Anne H. Presterud, kona hans, 57 år, 3. husmann Peder Mortensen, Plukkerud, 42 år, 4. husmann Anton Simensen, Vondtvær, 41 år, 5. husmor Marte Iversdr., kona hans, 48 år, 6. husmann Matias Kristensen, Amundstykket, 59 år. Hertil kom så: 7. tømmermann Ole A. Kopperud, 56 år, 8. Kristine S. Kopperud, kona hans, 60 år.

Av handlar i seinare tid med gnr. 146 Presterud og/eller parsellar av garden merker ein seg elles at i 1915 fekk så Ingemund Iversen f. 1892 skjøte på ættegarden Presterud, som elles alt året etter vart skjøta vidare til svogeren Johannes Nordtorp f. 1888.

Tonetta Presterud og Johs. Nordtorp hadde i sitt ekteskap fire born. Dei var: 1. Åse f. 1917, Gerd f. 1919, død 1852, og da velkjend under namnet Gerd Lien, 3. Iver f. 1921, 4. Gudny f. 1928.

I Johs. Nordtorp si brukartid vart vidare fleire parsellar av garden skyldsette og selde. Såleis kjøpte Olaf Tobiassen visstnok i 1922 parsellen grn. 146, brn. 4 Orheim av skyld 0,50 mark, og samtidig kjøpte Ole Stræthaugen parsellen brn. 5 Olerud også av skyld 0,50 mark. Ottar Tobiassen tilhandla seg brnr. 6 Nervang av skyld 0,02 mark, og Iver Arne Nordtorp overtok brnr. 7 Vondtvær av skyld 0,70 mark. Vidare skjøta så Johs. Nordtorp i 1943 grn. 146, brn. 1 Presterud over til sonen Ivar Presterud f. 1921.

Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det etter dette 5 bruksnr. Under grn. 146 med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Dei var: 1. Grn. 146, brn.

1 Presterud med eit jordbr. areal på ca. 200 mål, som Johs. Nordtorp enda var eigar og brukar av, b. Brnr. 3 Kopperud, jordbr. areal ca. 65 mål, som Marta Kopperud var eigar og brukar av, c. brn. 4 Orheim jordbr. areal ca. 40 mål, som Olaf Tobiassen framleis var eigar og brukar av, d. brn. 5 Olerud, jordbr. areal ca. 24 mål, som tilhørde Ole Olerud, e. Plukkerud, areal ca. 25 mål, som Johs. Nordtorp var eigar, men Sigmund Plukkerud var brukar av.